

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-122	21/602

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2022	Formannskapet	PS	15.02.2022
009/2022	Kommunestyret	PS	24.02.2022
004/2022	Ungdomsrådet	PS	11.03.2022

## Kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 - 2032

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Planprogram for kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 - 2032 revidert 02.02.2022

#### Dato

02.02.2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner revidert planprogram for kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 – 2032.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Formannskapet vedtok i møte den 02.09.2021, sak 063/2021 i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune for 2021 – 2033, samt at framlegg til planprogram dagsett 06.07.2021 vart sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.

I brev dagsett 17.09.2021 vart oppstart av planarbeidet og høyring av planprogrammet kunngjort med frist 05. november for å koma med innspel til planarbeidet og merknad til planprogrammet.

Nedunder er saka i møtet den 02.09.2021 formannskapet vist med kursivtekst, og deretter kjem det oversikt over innkomne merknader, med vurderingar frå rådmannen til kvar av dei.

#### *“Bakgrunn og fakta:*

*Kommunestyret har i sak 081/20 i møte den 30.11.2020 i samband med vedtak om revidert planstrategi for perioden 2020 – 2023 prioritert oppstart av ny energi og klimaplan for Masfjorden*

kommune med oppstart i 2021. På bakgrunn av dette vedtaket har administrasjonen no laga framlegg til planprogram dagsett 07.07.2021, som ein ber om at formannskapet tek stilling til. Planprogrammet gjer i korte trekk greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Ein skal og vurdere verknader for miljø og samfunn, og synleggjere ulike vegval/alternativ i planarbeidet.

I kapitlet om organisering av arbeidet vert det lagt opp til at formannskapet vert politisk styringsgruppe, og at rådmannen oppnemner ei administrativ arbeidsgruppe. I tillegg vil ein invitere inn lokal organisasjonar og representantar frå næringslivet med fleire inn i ei utvida referansegruppe.

Tidlegare kommunedelplan for energi og klima vart vedteke i kommunestyret den 07.06.2011, og gjaldt for perioden 2011 - 2015. Noko av grunnlaget her kan takast med inn i den nye planen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-12 skal oppstart av arbeidet med ny kommunedelplan for energi og klima varslast. Denne planen vil få status som ein kommunedelplan innanfor samfunnsplanlegginga etter plan- og utbyggingslova, og vil ikkje gje heimel til arealdisponeringar.

I den grad det er naudsynt, vil ein i samband med dette planarbeidet kunne gje tilrådingar om endringar til kommuneplanen sin arealdel, eller koma med framlegg om behov for eigne temaplanar.

Vidare vil ein vise til at Vestland fylkeskommune i brev av 01.06.2021 har gjeve tilsegn om tilskot på krone 150.000 til utarbeiding av kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune. I kriteria for tilskot ligg føre eit krav om at kommunane sjølv dekkjer 50 % av totalkostnaden. Her legg kommunen opp til at eigeninnsatsen til eigne tilsette vert eit viktig bidrag i kommunen sin del av totalkostnaden. Tilskotet gjeld fram til 31.07.2022, så kommunen har tid heilt fram til denne datoen til å gjera ferdig planen.

## **Vurdering**

Rådmannen vil vise til at formannskapet med heimel i plan og bygningslova § 4-1 skal kunngjera oppstart og framlegg til planprogram for kommunedelplanar, slik at dette vert lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Så snart høyringsfristen er over skal alle innkomne innspel knytt til planprogrammet drøftast i ny sak, og revidert planprogram tilpassa vektige innspel vert til slutt handsama endeleg i kommunestyret.

## **Konklusjon**

Rådmannen  
rår til at formannskapet vedtek oppstart av kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 – 2033, og at framlegget til planprogram vert sendt på høyring i medhald av plan og bygningslova sin § 4-1.

## **Formannskapet - 063/2021**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram forslag om at

*ungdomsrådet vert sett å lista over medlemmer i referansegruppa  
planprogrammet skal ha ei formulering som seier noko om Nordhordland  
biosfæreområde*

*før planprogrammet vart sendt på høyring. Formannskapet slutta seg samla til dette.  
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.»*

Det kom i høyringsperioden inn følgjande merknader/innspeil:

**1. Brev frå organisasjonen Folk for Fjella dagsett 05.11.2021**, som meiner at planprogrammet tydeleg må avvise å setja av areal til vindindustri i Masfjorden kommune, og at det er viktig at planprogrammet fangar opp at dette ikkje skal utgreiast eller leggjast til rette for i kommunen. På bakgrunn av dette kjem organisasjonen med mange konkrete forslag som nedunder er vist i kursivtekst:

**«Forslag til endringar i planprogrammet for Kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 –2033.**

**Nytt hovudpunkt:**

*Avgrensingar i arbeidet med Planarbeidet for utarbeiding av kommunedelplan for energi og klima*

*Arbeidet skal støtte opp under politiske vedtak i sak 031/2019 Kommunestyret PS 24.06.2019 og 080/2020 Formannskapet PS 31.08.2020*

- 1. Alle tiltak med eit totalt miljørekneskap som ikkje viser eit nullutslepps mål og CO2 nøytralt «fotavtrykk frå vogge til grav» lokalt, nasjonalt og globalt skal avvisast i planarbeidet.*
- 2. Det skal ikkje opnast for, eller arbeidast med utgreiingar som kan leia til trong for å setja av areal til vindindustri i Masfjorden kommune sine områder.*
- 3. Masfjorden kommune skal ikkje bruke areal for etablering av vindkraftindustri for å nå sitt mål om å ta sin del av ansvaret for ei bærekraftig utvikling.*
- 4. Planarbeidet skal vere føreseieleg både for innbyggjarar og næringslivet i høve at det ikkje vert satt av areal til etablering av vindindustri i Masfjorden kommune.*

**Endringar i punkt 4.2 Regionale føringar og forventningar**

*Nytt kulepunkt under strategiar for å nå målet.*

- Sikring av naturmangfald, natur, landskap og kulturverdiar skal innarbeidast i kvart delemne i*

planen.

### **Nytt kulepunkt 4.3.2 Fokusområde 2: Utslepp**

- Alle tiltak skal utgreiast med eit totalt miljørekneskap som inneheldt total forbruk av energi « frå vogge til grav», påverknad på miljø og natur, Co2 rekneskap lokalt, nasjonalt og globalt

### **Endring i punktpunkt 4.3.4 Fokusområde 4: Lokal produksjon**

Nytt kulepunkt i avsnitt to før tekst del i planprogrammet i punkt 4.3.4 Fokusområde 4:  
Lokalproduksjon

- Det skal ikkje opnast for, eller arbeidast med, utgreiingar som kan leia til trong for å setja av areal til vindindustri i Masfjorden kommune sine områder.
- Det skal ikkje setjast av areal til vindindustri.

### **Endringar i punkt 6. Forslag til plantema**

Nytt kulepunkt under avsnitt Masfjorden kommune som pådrivar for nullutslepp

- Alle tiltak skal utgreiast med eit totalt miljøregnskap som inneheldt total forbruk av energi « frå vogge til grav», påverknad på miljø og natur, Co2 rekneskap lokalt, nasjonalt og globalt

### **Endring i punkt 7. Planprosess og medverknad**

Endringar Referansegruppe (arbeidsgruppa og følgjande representantar vert invitert med):

Nytt medlem

- Representant frå Folk For Fjella.»

Dei tidlegare vedtaka gjort i formannskap og i kommunestyret knytt til vindkraft vert og sitert i brevet, samt brev frå KS av 16.07.2021 om arealbruk til vindkraft. I tillegg vert det vist til mange punkter i planprogrammet, og det kjem opp mange ulike argument om at vindkraft ikkje er aktuelt i Masfjorden kommune og kvifor dette skal fangast opp i planprogrammet.

*Rådmannen har vurdert merknaden og ser at engasjementet mot vindkraft er stort, og kan tilrå at planprogrammet vert endra, slik at det vert presisert at vindkraft ikkje vert noko tema i dette planarbeidet. Administrasjonen har heller ikkje tenkt at vindkraft skulle vera noko tema i dette planarbeidet, jf. tidlegare kommunestyrevedtak i sak nr 31/2019 den 24.06.2019, knytt til høyringa av den nasjonale rammeplanen for vindkraft på land. At ein likevel tydeleggjer dette i planprogrammet bør etter administrasjonen si vurdering difor vera både kurant og føremålsteneleg. Ein rår difor til at følgjande formulering vert teke inn i planprogrammet i punkt 4.3.4 Fokusområde 4:*

**Det skal ikkje opnast for, eller arbeidast med utgreiingar som kan leia til trong for å setja av areal til vindindustri i Masfjorden kommune sine område i dette planarbeidet.**

*I tillegg opnar ein for at ein representant frå organisasjonen Folk for Fjella kan verta invitert inn i*

*referansegruppa knytt til planarbeidet, og at dette vert synleggjort i planen sitt kap 7.1.*

*Dei andre ønskjene om endringar i planprogrammet ønskjer ikkje rådmannen kjem med i planprogrammet. Fleire av desse elementa høyrer etter rådmannen si vurdering meir naturleg inn i kommuneplanen sin samfunnsdel eller arealdel, mellom anna punktet : «Det skal ikkje setjast av areal til vindindustri», og punktet» Sikring av naturmangfald, natur, landskap og kulturverdiar skal innarbeidast i kvart delemne i planen»*

**2. Brev frå Vestland fylkeskommune dagsett 19.10.2021**, som innleiingsvis skriv at det er svært positivt at Masfjorden kommune ser eit breitt spekter av rollar kommunen har knytt til klimaarbeidet, og at kommunen no skal revidere kommunedelplan for energi og klima.

Under temaet **utsleppsreduksjon** skriv dei at Vestland fylkeskommune har vedteke mål om nettoutslepp innan 2030, og ein oppmodar Masfjorden kommune å ha eit konkret mål i tråd med dette målet. Det vert vist til at å ha eit mål for utsleppsreduksjon er naudsynt for å kunne utarbeide eit klimabudsjett og klimarekneskap. Vidare vert kommunen oppmoda å gjera tydeleg kva utsleppsmålet gjeld for.

Under temaet **klimatilpassing og klimarisiko** skriv fylkeskommunen at det er positivt at Masfjorden kommune har satt eit mål om å vurdere konsekvensar av klimaendringar i alle nye reguleringsplanar, og på den måten ikkje «byggja inn» ny sårbarheit i samfunnet. I kommunedelplanen oppmodar Vestland fylkeskommune om at de utvidar og konkretiserer plantemaet «klimatilpassing». Her bør kommunen inkludere naturbaserte løysingar og økosystem tenester i arbeidet med klimatilpassing. Det vert og vist til kommunalbanken sine nettsider ([klimarisiko.kbn.com](http://klimarisiko.kbn.com)), der ein kan lese meir om klimarisiko i Masfjorden kommune.

Under temaet **naturmangfald** skriv fylkeskommunen at det er viktig med eit auka fokus på konsekvensar og verknader på naturmangfald og natur, og at den største trusselen for naturmangfald er arealbruksendringar. Vestland fylkeskommune oppmodar derfor om at kommunen inkluderer omsyn til naturmangfald i kommunedelplanen, spesielt knytt til arealforvaltning. Ein heilskapleg arealforvaltning er viktig slik at ein ikkje fragmenterer dyr og insekt sine leveområde på grunn av nedbygging, men også for å forhindre klimagassutslepp frå lagre under bakken (skog, myr, kulturlandskap o.l.) skriv dei. På bakgrunn av dette vert kommunen oppmoda til å klargjera kva kommune meiner med uttrykket klimavenleg arealbruk, og korleis kommunen skal følgje det opp – skal ein ha arealnøytralitet, arealrekneskap, naturrekneskap eller anna.

Fylkeskommunen meiner at **energibruk** i Masfjorden kommune bør inn som eit eige kapittel i planen, og viser til at dette er eit satsingsområde i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Under temaet medverknad meiner fylkeskommunen at for at innbyggjarane skal få engasjement og eigarskap til planen, bør kommunen sjå på alternative metodar for medverknad, som å møte ulike grupper i kommunen på deira arena og vise kvifor dette er viktig for det dei allereie interesserer seg for. I tillegg er stemma til born og unge viktig inn i planarbeid og kommunen bør skissere ein medverknadsprosess som inkluderer desse. I klimaplanarbeid bør ein og få med, og ta nytte av engasjementet mange unge har til tema.

Til slutt er det eit eige avsnitt med kulturminnefaglege innspel, og det vert vist til at planprogrammet har teke med deler av Strategidokument 2020-2024 knytt til Nordhordland Biosfærområde som Masfjorden høyrer til. Fylkeskommunen viser og til at det i høve klimarekneskap kan lønne seg å ta

vare på eldre bygningar, samt gjenbruk av material og bygningsdelar. I stortingsmelding 16» *Nye mål i kulturpolitikken – engasjement, bærekraft og mangfold*» blir gjenbruk av eldre bygningar vektlagt som ein viktig del av klimaløysinga. Norge skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050 basert på internasjonale rammeverk som Parisavtalen og FN sine bærekraftsmål.

SINTEF -rapporten «*Grønt er ikke bare en farge - Bærekraftige bygninger eksisterer allerede*» på oppdrag av Riksantikvaren er utarbeida for å gje eit meir heilskapleg bilete av kva gjenbruk av eksisterande bygningar har å seie for miljøet. Når 80-90% av den eksisterande bygningsmassen framleis vil stå i 2050, må ein tenke nytt om korleis ein bevarer og forandrar skriv fylkeskommunen, og viser til slutt til « Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning 2021–2030»

*Rådmannen meiner at fylkeskommunen kjem med mange gode og faglege råd knytt til det vidare planarbeidet, som ein kan ta med seg i det vidare planarbeidet. Ein er samd med fylkeskommunen at ein bør ta inn eit eige kapittel om energibruk i planprogrammet, slik at dette får tilstrekkeleg fokus, og at ein kan styrke avsnittet knytt til medverknad slik fylkeskommunen rår til. Poenget med at det kan løna seg å ta vare på eldre bygningar er og noko som rådmannen tilrår vert med i planprogrammet, og samanhengen mellom arealbruk og klimagassutslepp. Rådmannen set at fleire av innspelshavarane, i tillegg til fylkeskommunen, oppmodar kommunen om å inkludere omsyn til naturmangfald i kommunedelplanen, spesielt knytt til arealforvaltning, og tilrår at dette no vert fanga opp i det reviderte planprogrammet. Ein rår difor til at planprogrammet i kapittel 6 er tydlegare på at ein i samband med arbeidet med denne kommunedelplanen kan definerast nye mål og delmål ut over det som vart vedteke i kommuneplanen sin samfunnsdel i 2012.*

**3. Brev frå Arnold Matre dagsett 05.11.2021**, som siterer planprogrammet på fleire punkt, og viser til tidlegare vedtak gjort i Masfjorden kommunestyret om vindkraft, og om regionalt føringar knytt til oppstart av plan for fornybar energi i 2021. Konklusjonen i innspelet er at:

« Masfjorden kommune alt i planprogrammet signaliserer tydeleg og eintydig at det å opna areal for vindindustri ikkje er ein del av Masfjorden kommune (eller overordna forvaltningsnivå) sin plan for fornybar energi (lokal energiproduksjon).

Det bør her også gå fram at det i framtidige arealdisposisjonar i kommunale planar ikkje vil verta sett av areal til / eller på annan måte opna for vindindustri. (jf. kommunestyrevedtak 031/2019 – PS 24.06.2019)

Referansegruppa bør også utvidast med og inkludera grupper/organisasjonar som t.d. Folk For Fjella, Helselag, Turlag, naturvernforbundet og liknande.»

*Rådmannen har vurdert innspelet og meiner at endringa som vart tilrådd teke inn i planprogrammet på bakgrunn av innspel nr 1 frå organisasjonen Folk for Fjella, fangar opp det viktigaste også frå denne merknaden.*

**4. Brev frå Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland dagsett 05.11.2021**, som skriv at det bør stillast krav om eit klimarekneskap , der ein kvantifiserer kor store klimagassutslepp som kjem frå naturareal ein planlegg å byggje ned. Når det gjeld «**Fokusområde 1: Energibruk**» på side 6 i planprogrammet, så ønskjer FNF Hordaland eit sterkare fokus på energisparing. Det er positivt at planprogrammet føreslår ein 10 prosent reduksjon i energibruk i kommunen sine eigne bygg, men dei meiner at den aktuelle kommunedelplanen må ha eit større og breiare fokus på energisparing enn dette. Energisparing bør etter FNF si meining vere eit eget tema som kommunen etterspør også i reguleringsplanar. Videre må kommunen oppfordra til, og leggje til rette for, energisparing i private bygningar. FNF skriv at det er eit svært stort potensial for energisparing i private bustader, og det er

eit nasjonalt mål å spare 10 TWh i private bustadar.

Når det gjeld «**Fokusområde 3: Klimatilpassing**» på side 7 i planprogrammet, så ønskjer FNF å føreslå at auka nedbør og auka rasfare vert løfta enda tydelegare fram i denne delen av planprogrammet.

NF Hordaland meiner at aktuelle natur- og miljøorganisasjonar bør inviterast med i den aktuelle referansegruppa til kommunedelplanen. En slik invitasjon bør eksempelvis gå til både Bergen og Hordaland Turlag, Naturvernforbundet Hordaland og Forum for natur og friluftsliv Hordaland. FNF Hordaland ønskjer og å nytte høvet til å løfta fram det viktige arbeidet med ny nasjonalpark/ verneområde i Masfjordfjella. Dette arbeidet er forankret i Meld. St. 14 (2015–2016 ) *Natur for livet*, og er tidligare omtalt som supplerande vern.

Til slutt ønskjer FNF Hordaland Masfjorden kommune lykke til med det viktige arbeidet med å utarbeide ein kommunedelplan for energi og klima, og forventar at naturtap og naturverdiar også vert eit viktig tema i planen.

*Rådmannen har merka seg at FNF Hordaland ønskjer at det vert stilt krav om klimarekneskap i samband med nedbygging av areal, og at det vert eit sterkare fokus på energisparing. Vidare har ein registrert ønske om fleire deltakarar i referansegruppa, og at FNF ønskjer nasjonalpark i Masfjordfjella velkomen. Rådmannen meiner ein skal ta med seg innspelet i det vidare arbeidet med planen, og rår til at referansegruppa vert utvida slik FNF ønskjer, ved at både Nordhordland Turlag og Naturvernforbundet i Nordhordland får invitasjon til å delta i referansegruppa.*

**5. Brev frå Statsforvaltaren i Vestland dagsett 04.11.2021, som skriv følgjande:**

#### **«Merknader**

*Statsforvaltaren vil innleiingsvis vise til vårt brev til kommunane av 20. august 2021 om statlege forventingar til klima- og energiplanlegging. Kommunen bør evaluere planprogrammet opp mot de punkta som er gjennomgått her.*

#### *FNs berekraftsmål, kommunale mål og handlingsplan*

*Masfjorden kommune kan med fordel gjere referanse til FNs sine berekraftsmål noko tydelegare. Vi rår kommunen til å arbeide med å forankre og operasjonalisere klima- og miljøarbeidet i desse, eventuelt eit utval av berekraftsmåla.*

*Planprogrammet har gjort greie for internasjonale, nasjonale, regionale og lokale føringar på ein god måte. Statlege planretningsliner (SPR) for klima, energi og klimatilpassing står i ei særstilling, og i planprogrammet har ein referert til pkt. 3.1. som viser dei viktigaste punkta som bør med i klima- og energiplanen. Kommunen vil utarbeide ein handlingsplan med tiltak, klimabudsjett og rekneskap.*

*Kommunen har ambisjonar om å definere mål for utsleppsreduksjon innan 2030. Dette er i tråd med statlege forventingar. Kommunen bør utvikle mål for fleire delområde i planen. Det er viktig at delmåla er formulert på ein måte som gjer det mogleg å gjennomføre resultatoppfølging. Sjå Miljødirektoratet si rettleiar om klima- og energiplanlegging, spesielt steg 5 «Hvordan fastsette mål om utforming og operasjonalisering av ulike mål». Det er nyttig å arbeide systematisk med å utvikle funksjonelle indikatorar for å vurdere grad av måloppnåing*

*Handlingsplanen må ha tydeleg plassering av ansvar for oppfølging innafor dei ulike sektorane, med*

*rutinar knytt til oppfølging og rapportering.*

### Innhald i planen

*Planprogrammet omfattar sentrale tema knytt til utslepp, klimatilpassing og omstilling. Fleire tema om er omtala i kommunen sine overordna strategiar, ser ikkje ut til å vere med i klima- og energiplanen. Kommunen bør mellom anna ta inn tema knytt til energibruk og energiomlegging.*

*Statsforvaltaren viser til at naturkrisa og klimakrisa heng tett saman. Arealbruk og naturmangfald bør difor inn som tema i kommunedelplanen. Det må vere eit overordna mål å redusere omfanget av arealbruksendringar, og arbeid for at karbonrike areal ikkje vert omdisponert. For å unngå inngrep i viktige naturområde bør kommunen arbeide for å få best mogleg kunnskap om areal og naturområde som er viktige i klimaarbeidet.*

### Klimatilpassing

*Kommunen si planlegging er viktig for å sikre naturen sin evne til å yte økosystemtenester, mellom anna som del av klimatilpassinga. Når det gjeld klimatilpassing vil vi særleg peike på krav i SPR om å velje naturbaserte løysingar.*

### Medverknad

*Planen bør vere tydeleg på mål og tiltak som gjeld kommunen som organisasjon, og kva som gjeld Masfjorden som geografisk område. Innbyggjarar, næringsliv og andre samfunnsaktørar vil ha ein viktig rolle i omstillinga mot eit meir bærekraftig samfunn. Det er difor viktig å sikre god medverknad med relevante grupper i arbeidet med planen.»*

*Rådmannen meiner at Statsforvaltaren i Vestland kjem med mange gode og faglege råd knytt til det vidare planarbeidet, og som ein kan ta med seg i det vidare planarbeidet. Ein er samd med Statsforvaltaren at det kan vera føremålsteneleg å ta inn eit eige kapittel om energibruk og energiomlegging i planprogrammet, noko også fylkeskommunen rådde til, jf. merknad nr 2. Ønsket om å ta inn arealbruk og naturmangfald er drøfta kort under merknad 2, og vert tilrådd teke med i det reviderte planprogrammet.*

**6. Brev frå Solheim og Haugsvær Helselag av 05.11.2021**, som skriv om vedtaka gjort i kommunen knytt til nasjonal rammeplan for vindkraft på land, og som oppmodar at kommunedelplanen ikkje skal opna for, eller arbeida med, utgreiingar som kan leia til trong for å setja av areal til vindindustri i Masfjorden kommune. Dei skriv vidare at Masfjorden kommune ikkje skal nytta etablering av vindkraftindustri, for å nå mål om å ta sin del av ansvaret for ei bærekraftig utvikling

*Rådmannen tek merknaden til orientering, og viser til at dette temaet er drøfta ovanfor knytt til både merknad 1 og 3, og at ein tilrår at vindkraft ikkje vert noko tema i denne planen.*

**7. Brev frå Masfjorden KrF dagsett 06.11.2021**, som skriv om vedtaka gjort i kommunen knytt til nasjonal rammeplan for vindkraft på land, og som ber om at det går klart fram av kommunedelplan for energi og klima at det ikkje er aktuelt med vindkraftindustri i vår kommune.

*Rådmannen tek merknaden til orientering, og viser til at dette temaet er drøfta ovanfor knytt til både merknad 1 og 3, og at ein tilrår at vindkraft ikkje vert noko tema i denne planen.*

**8. Tilbakemelding frå Ungdomsrådet sitt møte den 29.11.2021 i sak 020/21..**



«Saka vart tatt til orientering. Nestleiar Nikita er vald til å delta for Ungdomsrådet.»

*Rådmannen tek merknaden til orientering og noterer seg at nestleiaeren skal delta i referansegruppa frå Ungdomsrådet.*

**8. E-post frå GMU den 27.10.2021**, der dagleg leiar gjev melding om at vedkomande kan delta i referansegruppa.

*Rådmannen tek dette til orientering og vil invitere GMU til å delta i referansegruppa.*

### **Vurdering**

Rådmannen vil peike på at det har vore eit stort engasjement i samband med oppstarten av dette planarbeidet, og at mykje nyttig og viktig kunnskap er kome kommunen i hende gjennom denne innspel- og høyringsfasen. Mykje av dette tilfanget vil det verta jobba vidare med når sjølve planen no skal lagast. Ein del av merknadane til sjølve planprogrammet har og ført til endringar i planprogrammet, som no ligg føre i revidert utgåve dagsett 02.02.2022. Vidare har rådmannen merka seg at det er mange forventningar til både kva planen skal innhalde, og at kommunen skal få til ei god og brei medverknad i det vidare arbeidet med sjølve kommunedelplanen. På bakgrunn av dette er også framdriftsplanen korrigert noko, slik at ein får betre tid til både planarbeidet og til god medverknad.

### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner det reviderte planprogrammet dagsett 02.02.2022 for kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 – 2032.

## **Formannskapet - 027/2022**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) ba sette fram følgjande endringsframlegg i planprogrammet:

Punkt 4.3.2 synar referanser til forbigåtte årstall. Må endrast til relevante årstall iht ny plan.

Framlegg til vedtak med endringa i planprogrammet frå H vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune godkjenner revidert planprogram for kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 – 2032.

## **Kommunestyret - 009/2022**

### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Masfjorden kommune godkjenner revidert planprogram for kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 – 2032.

## **Ungdomsrådet - 004/2022**

### **UNG - behandling:**

Torill orinerterte om at Ungdomsrådet har ein representant som deltar i arbeidet med planen.

### **UNG - vedtak:**

Ingen vedtak vart gjort.